

Instruks for lyrikkanalyse og nabospråksmøte

Nordisk temadag 3: «Økokritikk i nordisk lyrikk»

Lyrikkanalyse

1. Den umiddelbare opplevinga di

- Liker du diktet? Seier det deg noko?
- Korleis opplever du stemninga i diktet? (For eksempel: harmonisk, fredfylt, dystopisk, naturfeirande eller -problematiserande, urovekkjande, ...)

2. Tid og rom

- Kvar er vi? Kva ser du for deg? (Her kan du gjerne teikne ei skisse.)
- Når føregår det? Kor lang tid strekkjer diktet seg over? (Her kan du teikne ei tidslinje.)
- Kva for rolle spelar menneske og natur i teksten?

3. Dikt-eget

- Kven snakkar i diktet?
- Korleis høyrer stemma ut? (Prøv gjerne å lese diktet høgt med ulike stemmer, ulikt volum, tempo, rytme, ...)
- Kva for perspektiv opplever dikt-eget verda frå? (Er det ein vaksen, eit barn, eit dyr, ein ting, ...)

4. Språk og form

- Korleis er språket? (For eksempel: kvardagsleg, høgtideleg, gamaldags, ...)
- Finn du rim, rytme eller andre repetisjonar i diktet? Korleis kan du beskrive dei?
- Finn du språklege bilete i diktet? (Metaforar, samanlikningar, symbol, ...)

5. Samla fortolking

- Kva seier diktet om forholdet mellom menneske og natur?
- Kan vi forstå diktet ut frå det vi veit om forfattaren og tida det vart skriva i?
- Karakteriser diktet med omgrepa frå artikkelen: økosentrisk/antroposentrisk, naturfeirande/naturproblematiserande.

Digitalt nabospråksmøte

1. Presentasjonsrunde

Start med å presentere dykk for kvarandre:

- Kva heiter du?
- Kvar bur du og kvar kjem du frå?
- Kva studerer du?
- Fortel om ein ting du kan som ikkje alle kan.

2. Lyrikksamtale (bruk ca. 30 minutt)

2.1.: I løpet av dagen har vi snakka om ei rekkje omgrep. Korleis forstår de desse omgrepa? Hjelp kvarandre, og bruk artikkelen og «Begrebskatalog» på heimesida som støtte:

- Økokritikk
- Antroposentrisk/økocentrisk
- Naturfeirande/naturproblematiserande
- Antropocen

2.2.: Presenter etter tur diktet de jobba med lokalt. Kvifor valde de dette diktet? Kan ein bruke nokon av analyseomgrepa over for å beskrive dei?

2.3.: Kva for eit av dikta vi har jobba med, liker de best? Kvifor?

2.4.: Diskuter det didaktiske potensialet i eit eller fleire av dikta vi har møtt denne dagen (inkludert songteksta «No livnar det i lundar»):

- Kva for eit / kva for nokre dikt kunne de sjølv bruke i undervisning?
- Kva slags aktivitetar kunne ein bruke?
- Kva for spørsmål kunne ein fått elevar til å reflektere over?

3. Kreativ skriving (bruk ca. 30 minutt)

Vel eit dyr de kan skrive eit felles dikt om. Følg desse krava:

- Diktet skal skrivast frå perspektivet til dyret.
- Bruk dei ulike språka på gruppa.
- Tenk gjennom om diktet skal vere naturfeirande eller naturproblematiserande.
- Fri form: De bestemmer sjølv om diktet skal ha rim og/eller rytme.

Viss vi får lov til å publisere diktet på heimesida nordisktemadage.nu, og skrive om det i forskingsartiklar, send det på e-post til din lokale undervisar.

.....
Prosjektet *Nordiske temadage i læreruddannelsen* byggjer på eit samarbeid mellom Københavns Professionshøjskole, Högskolan Kristianstad, Høgskulen i Volda og Noregs Teknisk-Naturvitskaplege Universitet. Prosjektet er støtta av A.P. Møller-fonden.